

F7: Dårleg kommuneøkonomi

Framleggsstillar: Sunnfjord SV

Norge har eit godt utbygd tenestetilbod på barnehage, skule, pleie og omsorg og helse. Kommunane har hovudansvaret for å yte desse tenestene som er svært viktige for alle sine levekår.

På grunn av svært dårleg økonomi vert fleire og fleire kommunar sett under administrasjon av staten, gjennom det som vert kalla ROBEK-list (register for betinga godkjenning og kontroll ved Statsforvaltaren)

Mange kommunar har gjort vedtak om store kutt i heilt grunnleggande tenester som særleg går utover dei som har størst hjelpebehov.

Når mange kommunar slit kraftig er at gjelda er høg og renteauken som har vore over nokre har slått kraftig ut og utgiftene til renter og avdrag har gått opp. Korkje renteauken eller pris- og lønsauken er ikkje kompensert gjennom større overføringar frå staten.

Kommunane vart i nokre år redda av ekstra skatteinngang ,og fleire kommunar har ekstra kraftinntekter og inntekter frå Havbruksfondet. Difor er det også store skilnader i evna kommunane har til å løyse oppgåvene. Gjeldsnivået i kommunane er også ulikt.

Stortinget har gjennom fleire år gjort vedtak om reformer, normer for tal tilsette, kompetansekrav og øyremerking av midlar til særskilte oppgåver. Dette har kome, til for å få kommunane til å prioritere nokre tiltak og område. Det gjeld særleg innan barnehage, skule, helse og pleie og omsorg. Dette er ikkje feil i seg sjølv, men vedtaka og tiltaka er ikkje følgd opp med store nok rammer eller overføringar til kommunane.

Rammene for kommunane i statsbudsjettet for 2026 er langt frå store nok til at kommunane maktar å yte tenester med god kvalitet og som folk har grunn til å forvente ,og som Stortinget har gjort vedtak om.

Vestland SV krev at rammene til kommunane vert auka i samband med revidert statsbudsjett år for å hindre kutt og særleg dei mest usosiale.

Sak 2: Fråsegner

36

37 Kommunekommisjonen

38 Regjeringa har sett ned ein kommisjon som skal vurdere situasjonen for kommunane.
39 Kommisjonen har lagt fram sin fyrste rapport der konklusjonen ikkje er at staten må
40 auke rammene til kommunane, men at «Staten må gi kommunene større frihet til å
41 drive effektivt innanfor strammere økonomiske rammer og til å benytte knappe
42 personellressurser slik at de gir mer velferd per krone og per ansatt. Kommunene må
43 bruke handlefriheten til å drive godt omstillingsarbeid.»

44 Konkret foreslår kommisjonen å ta vekk lærarnorma, legge om øyremerkinga, og
45 redusere kompetansekrav i pleie og omsorg.

46 Med å gje kommunane større fridom, meiner kommisjonen at kommunane vil yte
47 betre tenester med mindre overføringar.

48 Dette er Vestland SV ueinig i. Vestland SV meiner at kommunane med mindre
49 rammer ikkje vil verte i stand til å halde oppe ein god kvalitet på tenestene. Med å ta
50 vekk lærarnorma vert det færre lærarar, og med senka kompetansekrav som også
51 kommisjonen foreslår, vil kvaliteten der verte redusert.

52 Vestland SV meiner at kommunane må sjå på korleis dei yter tenestene og drive eit
53 aktivt utviklingsarbeid for å sikre kvalitet og tilpasse til at det vert færre barn og unge i
54 forhold til tal eldre i samfunnet. Men det vil ikkje kommunane greie utan auke i
55 rammene dei fyrste åra.

56 Vestland SV er uroa for at redusert kvalitet vil gjere at dei som har råd til det, ordnar
57 seg med private tilbod, altså ei privatisering av det offentleg tenestetilbod.